

## Retningslinjer og krav til dokumentasjon i søknadar til Helsefondet:

### Overordna krav til alle søknadar:

*Utgiftene du søker stønad til kan ikkje vere eldre enn 6 månader.*

*Dokumentasjon på betalt semesteravgift med ditt namn, samt semesteret/semestrane utgiftene gjeld.*

*Dokumentasjon for betalt semesteravgift kan være semesterkvittering med ditt namn, utskrift frå studentweb med ditt namn, stadfesting av betaling frå utdanningsinstitusjon, skjermdump med kvittering for betalt semesteravgift med ditt namn frå digitalt studentbevis e.l. Behandling må være gjennomført i Norge.*

### Utgifter psykolog:

Utskrift av registrerte eigenandelar med ditt namn. Pasientar som har betalt eigenandelar opp til eigenandelstak 1 får frikort, og skal ikkje betale meir i eigenandelar resten av kalenderåret. Meir informasjon om eigenandelstak 1 finn du på [helsenorge.no](https://helsenorge.no)

### Utgifter psykiatrisk poliklinikk/DPS:

Utskrift frå registrerte eigenandelar med ditt namn.

I tillegg må du legge ved dokumentasjon frå poliklinikken/DPS som dokumenterer at utgiftene gjeld psykiatrisk poliklinikk/DPS; anten i form av faktura/kvitteringar eller utskrift av timane hos poliklinikken.

### Utgifter til psykoterapi hos psykiater:

Utskrift frå registrerte eigenandelar med ditt namn.

I tillegg må det leggest ved dokumentasjon med ditt namn frå psykiater, og at utgiftene gjeld psykoterapi.

### Utgifter til psykomotorisk behandling hos fysioterapeut:

Utskrift frå registrerte eigenandelar med ditt namn. I tillegg må det leggest ved dokumentasjon med ditt namn frå fysioterapeut, at utgiftene gjeld psykomotorisk behandling.

### Utgifter til tannlege:

Kvittering med ditt namn, behandlingsdato og stadfesting frå tannlege på at berre nødvendig behandling er utført. Det er eit tak på godkjente utgifter på kr 20 000, slik at maksimalt stønadsbeløp vil vere 5 000 kr. Det blir ikkje innvilga stønad til tannregulering, tannimplantat eller kosmetisk behandling.

Tannlegerefusjon gjeld ikkje for studentar i Bergen, då desse har ein eigen tannhelseteneste for studentar med tilsvarande rabatterte prisar.

**Merk** at frå og med 2023 har ein fram til det året ein fyller 24 rett til rabattert tannlegebehandling hos fylkeskommunal tannhelseteneste. Desse søkarane må difor nytta seg av den fylkeskommunale tannhelsetenesta, og vil ikkje få dekka utgifter til tannlege gjennom Helsefondet. Studentar frå 25 år kan søke stønad frå Helsefondet.

### Utgifter til tannskade:

Tannreparasjon ved skade i fall eller ulykke må ha utfyllande dokumentasjon på skade i fall/ulykke frå lege eller tannlege. I tillegg må du legge ved kvittering med ditt namn, behandlingsdato og betalt beløp for kvar behandling. Dokumentasjonen må også innehalde opplysningar om heile eller delar av behandlinga blir dekka av forsikringsselskap eller det offentlege, og dette beløpet skal trekkast frå.

Maksimalt stønadsbeløp er 10 000 kroner per år.

**Utgifter til transport:**

Attest med ditt namn frå lege/behandlar på at du ikkje kan nytte offentlege transportmidlar mellom bustad og lærestad, grunna skade eller sjukdom. I tillegg må det leggast ved kvittering med ditt namn for taxiutgifter påført dato, beløp og køyrestrekning, og påført stadfesting om at reisa gjeld mellom bustad og lærestad. Stønaden gjeld 1 tur/retur per døgn. Reiser ved helg eller heilagdag kvalifiserer ikkje for stønad. Støtnad blir innvilga maksimalt for fire veker. Av godkjente utgifter vil stønaden vere 50 %.